



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2019	Levekårsutvalet	PS	01.04.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA-F03	18/226

FOLKEHELSEPROFIL VAKSDAL 2019

Vedlegg:

Folkehelseprofil 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Levekårsutvalet - Sak 12/2019

LEV - Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Saksopplysningar:

Folkehelse er eit kommunalt ansvar, og med Folkehelselova vart ansvaret løfta vekk frå helsetenesta i kommunen og over til kommunen generelt. Det skal i følgje lova vera «folkehelse i alle sektor – helse i alt vi gjør». Det vert understreka kor viktig det er å leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Kommunen skal ha skriftleg oversikt over helsetilstand og påverkningsfaktorar, og folkehelseprofilar for kommunar og fylkeskommunar vert utarbeida årleg av Folkehelseinstituttet. Folkehelseprofilen gir ikkje eit godt nok bilete av helsa, men viser enkelte trekk ved folkehelsa i kommunen.

I eit barometer med 34 indikatorar vert det markert korleis kommunen ligg an samanlikna med landsnivået. Raude veridar markerar at kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landssnittet, og grønne verdiane viser at me ligg signifikant betre an. Ein bør likevel vera merksam på at også dei grønne verdiane kan innebera utfordringar for folkehelsa, for landsnivået representerar ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei 10 beste kommunane i landet kan vera eit betre nivå å strekkja seg etter.

Gjennom fleire år har Vaksdal kommune hatt desse raude indikatorane: tal personar med vidaregåande skule eller høgskule i aldersgruppa 30-39 år, drikkevassforsyning, skader behandla i

sjukehus, overvekt/fedme ved sesjon 17 år og muskel- og skjelettlidingar.

Me har lege betre an enn landssnittet på følgjande indikatorar: høg valdeltaking, mange i 10. klasse trivst på skulen, har ikkje hatt stort fråfall frå vidaregåande.

I 2018 fekk me for første gong raud verdi på born som bur i hushaldningar med låg inntekt.

I 2019 har Vaksdal følgjande område der me ligg betre an enn landssnittet:

- Barn av einslege forsørgjarar.
- Psykiske symptom og lidingar i aldersgruppa 15-29 år.

Område der me som kommune er raude, d.v.s. ligg signifikant dårlegare an enn landssnittet:

- Vidaregåande skule eller høgskule i aldersgruppa 30-39 år.
- Låginntekthushald med born under 17 år. D.v.s. inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median.
- Stønad til livsopphald i aldersgruppa 20-29 år.
- Lågaste meistringsnivå i lesing 5. klasse.
- Kor fornøyde ungdomen er med treffstadar i kommunen.
- God drikkevassforsyning.
- Skader behandla i sjukehus.
- Muskel- og skjelettplager/-sjukdomar i aldersgruppa 0-74 år.
- Antibiotikabruk utlevert på resept til aldersgruppa 0-79 år.

Folkehelseprofilen for 2019 er vedlagt.